



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1429 - 17/19017

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 139/71 Tveiten nedre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.05.2017.

Det er sendt ut skriv den 22.05.2017 om supplerings av manglande opplysningar , herunder at situasjonsplanen må påførast avstand til nabogrense. Tilleggskokumentasjon vart motteken den 26.05.2017.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 2,5m. Avstand til nabogrense må vere i samsvar med avstandsbestemmelsen i pbl. § 29-4 som er minst 4 meter. Det kan gjerast unntak frå avstandskravet dersom de innhentar samtykkje frå nabo, gbnr 139/5, eller ved at de søkjar om dispensasjon frå avstandskravet.

Naboeigedom, gbnr 139/5, er eid av Opplysningsvesenets fond, Pb. 535 Sentrum, 0105 Oslo.

Vedlagt følgjer skjema om naboerklæring.

Kommunen ber om at tilleggskinformasjon vert sendt inn **samla innan 31.07.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4

Kopi til:

Rune Vollset	Bruvegen 16	5914	ISDALSTØ
--------------	-------------	------	----------

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND
Alversund Maskinstasjon AS	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND